



## Sakspapir

Sakshandsamar:	<i>Odd Harald Dommersnes</i>		
Arkivsaknr.:	20/3402	Klassering:	FE-150

### Tertialrapport III 2020

#### Rådmannen sitt framlegg til tilråding/vedtak:

1. Det vert gitt eit tilskott til Leirvåg bedehus på kroner 75 000,- for dekning av deira underskot for 2020.
2. Det vert gitt eit tilskott til eldrerådet på kroner 10 000,- til arrangere datakurs for eldre.
3. Det vert gitt eit tilskott på kroner 20 000,- til julegåve aksjonen som blir arrangert av Ungdomsrådet, ungdomskonsulenten og Frivilligsentralen.
4. Det vert gitt kroner 20 000,- ekstra til innkjøp av julemat for tilsette som jobbar i julehelga og nyårshelga på helse og omsorg sine einingar.
5. Kommunestyret tek rapporten til vitande.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

I fylgje vårt nye økonomireglementet skal det leggjast fram ein 3. tertialrapport i desember som er ein forenkla rapport som inneheld eventuelle budsjettjusteringar. Tertialrapporten syner den økonomiske stoda, avvik som har oppstått i driftsåret, og kva tiltak som gjennomført for å oppnå balanse mellom budsjett og rekneskap, samt konsekvensar av slike ulike tiltak som ble iverksett.

Inntekter	REGNSKAP	BUDSJETT	ÅRSBUDSJ	PROGNOSE
	ÅR 2020	ÅR 2020	ÅR 2020	
( I hele tusen kr.)	Pr 30.11	PR.30.11	OB	ÅR 2020
Rammetilskudd	100265	95844	95844	100265
Skatteinntekter	92220	92355	92820	94685
Eiendomsskatt	14127	13800	13800	14127
Andre Inntekter	68391	65979	94952	98952
Sum Inntekter	275003	267978	301416	308029
Korrigeringer inntekter	4000			
<b>Korrigert inntekt</b>	<b>271003</b>			
Kostnader	REGNSKAP	BUDSJETT	ÅRSBUDSJ	PROGNOSE
	ÅR 2020	ÅR 2020	ÅR 2020	
( I hele tusen kr.)	Pr.30.11	Pr 30.11	OB	ÅR 2020
Personalutgifter	168236	172634	190650	186252
Andre utgifter	83043	83106	110766	110766
Sum utgifter	251279	255 740	301416	297018
Korrigeringer utgifter	2000			
<b>Korrigerte kostnad</b>	<b>253279</b>			
Resultat	17724	12238	4030	11011

Tabellen som er vist ovanfor er delt inn i 4 hovudgrupper av inntekter. Grappa består av rammetilskott, skatt på inntekt og formue, eiedomsskatt og andre inntekter. Sum av disse gruppene gjev inntekter pr.30.11.2020, som er samanlikna med budsjett på same tidspunkt. Som ein ser så er inntektene monaleg større enn kva som er budsjettert. Det er framleis ein vis usikkerheit knytt til kva den endelege inntektsveksten for 2020 vart.

#### Rammetilskott

Av tabellen går det fram at rammetilskottet 4,4 mill. kr. betre enn budsjett. Rammetilskottet består av rammetilskott, inntektsutjamning og skjønnsmidlar og distrikstilskott. Det positive avviket i 2020 skyldast i stor grad ekstra tilskott i samband med Covid 19.

#### Skatteinntekter

Skatteinntektene er betre enn budsjett. Vi ser ingen reduksjon i skatteinntektene i 2020 trass rekordhøg lediggang i kommunen, men det er stor usikkerheit knytt til om denne utviklinga held fram i 2021. Sidan tertialregnskapet blir lagt fram før regnskapsavslutning er skatteinntektene korrigert opp med 2 millionar som er omlag på same nivå som i oktober månad

#### Eigedomsskatt

Når det gjelder eigedomsskatten så har ein større inntekter enn kva som låg inne i budsjettet.

#### Andre inntekter

Storparten av inntektene i grappa andre inntekter er brukarbetalingar, kommunale årsgebyr, statstilskott, refusjonar frå kommunar, refusjon frå staten, integreringstilskot flyktningar, refusjon ressurskrevjande og utbytte. I denne inntektsposten ligg og Havbruksfondet, dette tilskottet blei 1 million mindre enn budsjettert for 2020. Vi ser og at det ikkje vert noko utbytte frå Mongstad Vekst i 2020. Andre inntekter er korrigert ned med 6 millionar, desse fordeler seg med 5 millionar som vert avsett til fond på sjølvkostområdet og 1 million på barnevern.

## Utgifter

### Personalutgifter

Personalutgiftene utgjør storparten av utgiftene i kommunen. Vi har i 2020 hatt særs god kontroll på kostnadene knytta til personalområdet som utgjør 62 % av våre totale kostnader. Ein faktor som påverkar kostnadene for 2020 er at arbeidsgjevaravgifta for 3. termin er redusert med 4 prosentpoeng.

### Andre utgifter

Det har i 2020 vært kontroll på denne kostnadsgruppa . Viktige postar i denne gruppa er overføringar, renter, avdrag lån, tenestekjøp og vedlikehald. Ein ser frametter mulighet til å redusere kostnadane på dette området. Nå som finansreglementet er vedteke politisk starte vi opp arbeidet med å refinansiere alle våre lån. Det er i tertialrapporten lagt inn 2 millionar i ekstra kostnader som knytter seg til legevakten og sosialhjelpsutbetalingar.

### Oppvekst og kultur

Ansvar	Teneste	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Avvik i NOK
2000	ADMINISTRASJON UNDERVISNING	882 262	2 255 185	-1 372 923
2010	PPT	1 792 221	1 749 984	42 237
2020	BARNEVERN	12 058 045	13 632 627	-1 574 582
2100	ÅRÅS SKULE	19 323 307	20 367 038	-1 043 730
2110	KALAND SKULE	12 635 488	13 132 641	-497 153
2210	KALAND BARNEHAGE	6 096 629	7 422 789	-1 326 160
4000	BIBLIOTEK	1 057 376	1 223 817	-166 441
4100	AUSTRHEIM KULTURSKULE	1 542 770	1 691 420	-148 650
4200	UNGDOMSKLUBB-TILTAK BARN OG UN	1 018 601	795 487	223 115
4300	ANNA KULTUR	611 041	644 574	-33 532

Tabellen syner at det er god kostnadskontroll på alle ansvarsstadene som inngår i sektoren. På ansvarområde barnevern er det kostnader på 1 million som ikke er ført i regnskapet på rapporteringstidspunktet. Avviket på ansvar 4200 skyldast manglande føring mot fond som vert gjort i samband med årsavslutning.

## Helse og omsorg

Ansvar	Teneste	Regnskap	Budsjett inkl. Avvik i NOK	
3000	ADMINISTRASJON HELSE OG SOSIAL	1 186 825	1 631 000	-444 175
3100	HELSETJENESTER	12 135 550	11 983 000	152 550
3200	SOSIALE TJENESTER	6 095 115	8 364 000	-2 268 885
3300	NORDLIHEIMEN	26 153 014	27 881 000	-1 727 986
3310	NORDLIHEIMEN KJØKKEN	3 353 930	4 003 000	-649 070
3320	HEIMETJENESTER I	10 993 894	11 875 000	-881 106
3330	HEIMETJENESTER II	14 369 074	9 944 000	4 425 074
3340	ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER	593 732	718 000	-124 268

Det syner seg at avsetninga for KLP har vært for høg , dette er det korrigert for i november md. Dette gjev store utslag i forholdet mellom budsjett og regnskap. Det kjem fram i tabellen at det er god kostnadskontroll på alle ansvarsstadane som inngår i sektoren. Det store avviket på ansvar 3300 skyldast refusjonar frå staten på omlag 7 millionar som fyrst vert gjennomført i samband med årsavslutninga. Gjer og merksam på at kostnadene på ansvar 3200 vert monaleg lågare grunna kostnader knyta til instruksjonsordninga.

## Rådmann

Ansvar	Teneste	Regnskap	Budsjett ink Avvik i NOK	
1000	RÅDMANN	18 481 391	16 311 442	2 169 950

Det negative avviket på dette ansvaret er knytt til løn, heng saman med at ein har løna ut fleire enn budsjettert. Ein har ikkje hatt mogelegheit til å gjera større endringar i rekneskapen, ettersom stillingstruktur og budsjett ikkje er bygd over same lesten. Dette er korrigert i høve til budsjettet for 2021.

## Teknisk og Plan

Ansvar	Teneste	Regnskap	Budsjett inkl. e  Avvik i NOK	
5000	PLAN, BYGG, OPPMÅLING OG MILJØ	735 000	2 226 912	-1 491 912
6000	ADMINISTRASJON TEKNISK	1 232 048	1 540 699	-308 651
6100	VATN, AVLØP, RENOVASJON	-7 158 660	-5 200 831	-1 957 829
6200	KOMMUNALE VEGAR, KAIAR, FRILUFTSOMRÅDER	2 123 258	1 794 833	328 425
6300	BEREDSKAP MOT BRANN OG ANDRE ULYKKER, FEIING	-378 845	120 000	-498 845
6400	EIGEDOMSAVDELING (BYGG, MASKINER OG UTSTYR)	6 250 831	6 107 534	143 298
6500	REINHALDSAVDELING	4 835 778	5 081 210	-245 432

På ansvar 5000 og 6100 er der store positive avvik, heng saman med at det er monaleg større inntekter enn kva som er lagt inn i budsjettet. Det kan sjå ut som ein har underbudsjettert inntekter på desse 2 ansvarsområda, sidan dette er sjølvkostområde vil vi måtte avsette til fond. Samla vil vi måtte sette av omlag 5 millionar på fond til bruk i sjølvkostområde. På kostnadssida er det god kostnadskontroll.

## Politisk styring og kontrollorgan/interne service-einingar

Ansvar	Teneste	Regnskap	Budsjett i	Avvik i NOK	
1100	POLITISK STYRING OG KONTROLLORGAN	2 838 341	3 590 000	-751 659	
1900	INTERNE SERVICEEININGAR TIL FORDELING	4 034 212	4 688 000	-653 788	

### Status bruk av midler avsatt i investeringsbudsjett pr 30.11.2020

Prosjekt	Teneste	Budsjett	Regnskap
K90005	IKT- AUSTRHEIM KOMMUNE (TJ.1200)	137 500	58 350
K90006	PROSJEKT FELLES IKT I REGION (TJ.1200)	366 667	0
K90009	BYGGUTBETRING	458 333	288 806
K90012	IKT/TAVLE-SKULANE 2018 (TJ.2020)	137 500	148 396
K90016	OPPGRADERING ÅRÅS SKULE (TJ.2220)	0	3 305
K90018	KJØP 2 E-BILER (TJ.2540)	0	397 700
K90028	VVA (TJ.3450)	13 750 000	1 685 214
K90032	SAL AV FAST EIENDOMMER	-4 033 333	0
K90044	OMSORGSTEKNOLOGI 2019 (tj.2340)	916 667	0
K90045	PLANMIDLAR 2019 (tj.3010)	0	675 801
K90047	IKT BARNEHAGE (tj.2010)	91 667	70 497
K90048	TILTAK I LANDBRUKET	275 000	0
K90049	FAGFORNYING 1 - 4 TRINN (tj.2020)	458 333	26 348
K90050	UTLÅNSAUTOMAT BIBLIOTEK	91 667	89 891
K90051	STEINALDERPlass	183 333	0
K90052	SERVICEKONTORET DIGITALISERING	183 333	0
K90054	DAGSTURHYTTE VARDETANGEN (TJ.3600)	0	580 198
K90055	DESINFISERINGSMASKIN (tj.2530) COVID 19 - 1	0	215 000
K97000	INVESTERINGSTILSKOT AUSTRHEIM KYRKJE (T	641 667	700 000
K97500	EIGENKAPITALINNSKOT KLP	0	744 483
K97600	SAL FASTE EIENDOMMER 2020-	0	-1 769 631

### Sykefravær etter 10 mnd. i 2020.

Det totale sjukefraværet som inneheld sjukemeldt fravær og egenmeldt var for årets 10 første månader på 9,1 %. Dette er ein nedgong på 0,4 % i høve til oktober månad. Rådmannen har store forventningar til at nærverprosjektet vil redusere sykefravære.

### Kostnader knyta til Covid 19 i 2020

Våre samla kostnader pr. 30.11.2020 er på 5,38 millionar kroner og vi har ein prognose på 6,5 millionar kroner for 2020. Storparten av desse kostnadane er knytt til løn. Dette er løn til tilsette som nyttar deler av arbeidsdagen eller heile arbeidsdagen sin til å jobbe med Covid 19. Slik at denne kostnaden alt ligg inne i våre lønsbudsjett.

Kostnader som ikkje låg inn i budsjettet for 2020 utgjer omlag 2,5 millionar og er ekstra kostnader til reinhald, overtid, medisinsk forbruksmateriell og reinhaldsmidlar.

### Konklusjon 3 tertial 2020

#### Resultat

Resultatet ved denne rapporteringa syner eit pluss resultat på 17,7 mill.kr. Dette resultatet er

monaleg betre enn budsjett. Gjeldande prognose pr. dato er at vi kjem til å levere eit årsresultat 11 mill kr. Det er viktig å understreka at dette er ein prognose som vert gitt i høve til den kunnskapen vi har idag 02.12.

## **Sakspartar**